



Sæbø skule,
Søre Austmarka 4,
5938 Sæbøvågen.
Tlf. 56 34 98 00
e-post: post.sabo.skule@radoy.kommune.no

Førjulsinformasjon frå skulen

Tysdag 15. Juleverkstad 5-6-7. Kantina vert nytta til bakeareal. Alle må ta med niste.

Onsdag 16. Juleverkstad 1-2-3-4. Kantina vert nytta til bakeareal. Alle må ta med niste.

Torsdag 17.

- **07:45 Merk tida!! Eller direkte i kyrkja 08:10**
- 08:15-09:15 Skulegudsteneste, sjå fritaksreglar under.
- 09:15-09:45 Vi går tilbake til skulen. Lærarane og assistentar har ansvar for dei elevane dei skal ha etter timeplanen.
- 09:45-13:30 Vanleg timeplan.

Til og frå kyrkja 17. desember.

Bussar til kyrkja:

- **Alle* som skal ha transport til kyrkja må møta på busstopp Austmarka 07:45.**
- 07:45. Buss frå Austmarka til Sæbø. Alle som er avhengig av buss til kyrkja reiser med denne, både dei som kjem med skulebussen og dei som bur i skulen sitt nærområde. Barnehage og SFO reiser også med denne bussen. Dette er rutebuss, men det vert sett opp ekstrabuss slik at det er plass til alle. Ingen skal betala frå skulen til kyrkja.
- ***Dei som kjem seg til kyrkja sjølv kan møta direkte der seinast 08:10.**

Etter gudstenesta går vi tilbake til skulen.

Elevane må vera kledd etter vertilhøva slik at denne turen vert ei god oppleving.

Torsdag 17.12. kl.18:00-20:00

FAU og skulen inviterer til førjulsfest i Sæbøhallen

Du får:

- Program frå kvar av klassane
- Småkaker
- Kaffi/te, saft blir servert.
- Ein triveleg prat med andre foreldre, elevar og tilsette. (gjeld berre i pausen ☺).
- Testa ut songstemmen på nokre julesongar.

Program for kvelden:

- Skulemusikken spelar frå 17:45-18:00
- Velkommen
- Underhaldning ved elevane i 1.-4.
- Meir underhaldning 5.-7.
- Matøkt
- Vi går rundt juletreet
- Takk for i kveld!

Velkommen!

Helsing FAU-leiar og rektor

PS: Denne festen er skuletid for elevane. Lærarane har ansvar for sine, difor sit dei klassevis saman med sine lærarar.

Siste skuledag 21.12.

- 08:00-09:15 I klassane. Dei som har adventsamling øver.
- 09:15-09:30 Friminutt
- 09:30-10:00 Adventsamling i amfiet
- 10:00-10:40 Julebrunsj i kantina for elevar og tilsette.
- 10:40-11:10 Friminutt ute.
- 11:10-11:30 Klassevis juleavslutning.

Bussar frå skulen etter skuleslutt kl.11:30

Frå Austmarka

- Til Kalnes: Avg. Kl.11:31.
- Lunde, Kartveit, Manger: kl.11:40
- Lunde, Namtveit, Brattaule, Kjeset, Austrheim: kl.11:40
- Til Storheim, Vetås, Sæbø, Olsvoll: Avg. 11:35. Innleigd ekstraskyss.

Rett til fritak i samband med gudstenesta:

"Elevar skal etter skriftleg melding frå foreldra få fritak frå dei delar av undervisninga ved den enkelte skolen som dei ut frå eigen religion eller eige livssyn opplever som utøving av ein annan religion eller tilslutning til eit anna livssyn, eller som dei på same grunnlag opplever som støytande eller krenkjande." Opplæringslova §2-3a.

Dersom du ønskjer at ditt/dine barn skal få alternativt tilbod i staden for gudsteneste, ber eg om at du gir melding til skulen om fritak seinast onsdag 16.12.

Førjulshelsing frå oss på skulen

Rolf Sandstad, rektor

Meir informasjon på framsida!